



Arkoconsult AS  
Tom Andre Sivertsen  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4614 - 15/20060

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
22.05.2015


## Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 239/119 Eknes Ytre - bustad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring den 28.04.2015. Administrasjonen har ved inkurie lagt til grunn at de hadde søkt om dispensasjon for både plassering av bustaden og omsøkt mur (sak 15/2166). Vi ber om orsak for misforståinga.

Etter det vi kan sjå er det søkt om ny plassering av godkjent bustad:

- OK gulv går frå kote 28,0 til 28,5
- Mønehøgde frå kote 32,5 til 32,9

I tillegg søkes det om endra plassering i horisontalplanet:



### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert *delar* av søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:



1. Omsøkt plassering er i strid med byggegrensa slik den er synt i reguleringsplankartet. Bygningen (her takutstikk) er plassert utanfor byggegrensa mot veg:

*«Målereglene gjelder ikke i forhold til byggegrense mot veg. Ingen deler av bygningen kan krage utover byggegrense mot offentlig veg eller gate»*

2. Naboar er ikkje varsla om at ny plassering av bygget krev dispensasjon frå reguleringsplanen. Det vert ikkje gjeve unntak for varsling av naboar.
3. Vi ber også om at det vert levert terrengsnitt for strekning B-B som vist på situasjonsplan mottaken 27.12.2012.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.07.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, saka vert arkivert utan vidare handsaming.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1). Det er ingen tidsfristar for handsaming av denne søknaden.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Totlandsdal Bygg AS

Indre Eknes

5993

OSTEREIDET

**Mottakarar:**  
Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN